



# Årsmøte

## VALDRES FOLKEMUSIKKLAG 2021

7. april kl. 19.00 i festsalen på Valdres folkemuseum



*Foto: FolkemusikkUng*

Til

Etnedal spel- og dansarlag

Begnaljom spel- og dansarlag

Vårflaumen spel og dansarlag

Øystre Slidre spel- og dansarlag

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag

Valdreskvelven spel- og dansarlag

Valdreslaget i Oslo

Kopi til

Valdresmusea

Valdres folkemusikkarrangement AS

FolkOrg

# INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2021

Me ber med dette medlemslaga inn til årsmøte i Valdres Folkemusikklag 7. april kl. 19.00 i festsalen på Valdres folkemuseum. Me håpar å kunne treffast att, men dersom smittesituasjonen endrar seg, blir det møte på Teams. De vil i så fall få melding om dette, og det vil også vere informasjon på web-sida.

Årsmøtet er ope for alle interesserte, og medlemmene i lokallaga har talerett. Alle medlemslaga har rett til to utsendingar med stemmerett. Styret har særskilt lyst til å oppmode representantar frå Valdres Folkemusikkarrangement og Valdresmusea om å møte. Desse har møte- og talerett.

Sakliste og saksdokument ligg ved.

**VEL MØTT!**

For Valdres Folkemusikklag

Bente Hemsing  
leiar

# ÅRSMØTE 7. APRIL 2021

## **Sakliste**

1. OPNING, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste
2. ÅRSMELDING 2020
3. REKNESKAP Vfl og minnefond
4. ARBEIDSPROGRAM 2021
5. BUDSJETT 2021
6. VAL

## **Sak 1**

**Opning, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av sakliste og innkalling.**

Styret bed årsmøtet gjera dette vedtaket:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste og vel desse til ordstyrar, referent og til å skrive under protokollen:

Protokoll – underskriving:

Møteleiar:

Skrivar:

## **Sak 2**

**Årsmelding for Valdres Folkemusikklag 2020**

Sjå vedlegg.

## **Sak 3**

**Rekneskap for 2019, Vfl og minnefonda**

Sjå vedlegg.

## **Sak 4**

### **Framlegg til arbeidsprogram for 2021-2022**

Grunna smittesituasjonen var det lite aktivitet i året som gjekk. Me held derfor fram med arbeidsprogrammet utan endringar.

Målsetjinga er:

- å ta vare på folkemusikken og dansen i Valdres, ein viktig del av kulturarven vår som berre kan overleva ved å vera ein del av aktiviteten vår og liva våre.
- å gjera dette på ein slik måte at det skapar gode samværmiljø for alle aldersgrupper, tek vare på mennesket, skapar ei identitetskjennele og kjensle av eigenverdi.

Midla kan vera:

- å styrke dansen i alle aldersgrupper
- å rekruttere utøvarar i alle greiner
- å oppmode utøvarar til å stille som instruktørar
- å samarbeide med andre lag, organisasjonar og institusjonar der det er nyttig.

### ***Arrangement og møteplassar***

Valdres folkemusikklag skal:

- fungere som aktive eigarar av Valdres folkemusikkarrangement AS. Det skal vera 1 – 2 eigarmøte i løpet av året mellom styret i VFAS og styret i VFL.
- stø opp om gjennomføringa av Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, dersom det er mogleg å gjennomføre desse tilskipingane i 2021, og yte nødvendig dugnadsinnsats.
- arbeide for å få fleire møteplassar som td ei konsertscene: Hilme året rundt.
- samarbeide med andre om førefallande arrangement der det er naturleg å stø opp.

### ***Styrking av lokallaga***

Valdres folkemusikklag skal:

- støtte lokallaga i arbeidet deira og samordne aktiviteten
- arrangere felles møte med alle lokallagsstyra
- stø sovande lokallag eller prøve å by aktive medlemmer i desse områda å delta i aktivitet i lag som er vakne.

### **Hovudprioritet i 2021:**

- arrangere felles styremøte for alle lokallaga i minst ein gong i løpet av året for å betre samordninga.
- halde fram arbeidet med å skape fleire møteplassar for folkemusikk og dans.

### ***Ungdomssatsinga***

Valdres folkemusikklag skal:

- følgje opp og leggje til rette for dansesamlingar med ungdom, stø opp om tiltaket *FolkemusikkUng* for torader, langeleik, munnharpe, song, dans og hardingfele med samling ein til to gonger i månaden, samt gjennomføre ei helgesamling i halvåret i samarbeid med andre ungdomsgrupper.
- arrangere nybyrjarkurs for ungdom.
- disponere ungdomsfondet til beste for rekrutteringa i Valdres (eigne statuttar)
- arrangere tur for ungdom.

### **Hovudprioritet i 2021:**

- Rekruttere nye ungar og yngre ungdom inn i *FolkemusikkUng*-samlingane.

### ***Andre viktige oppgåver***

- drive marknadsføring, m.a. oppdatere heimesida jamleg.
- arbeide for å ta vare på den lokale rundanstradisjonen, m.a. gjennom å dra fram lokale utøvarar som kurshaldarar og vera ein støttespelar for Storefjelltreffen.
- arrangere kurs som miljøet har bruk for (instruktørkurs, domarkurs osv)
- bidra til å støtte opp om eit spelemannslag for vaksne

### **Hovudprioritet i 2021:**

- Gjere meir bruk av heimesida for å informere om aktuelle hendingar i folkemusikkmiljøet.

### ***Samarbeid med andre***

Valdres folkemusikklag skal:

- samarbeide med Valdres folkemusikkarkiv og Valdresmusea.
- vera pådrivar for at det er kontakt mellom kulturskulane og lokallaga om felles målgruppe, opplæring og rekruttering
- ha representantar på årsmøtet til FolkOrg, og på representantskapsmøtet i Rff, og oppmode medlemmer til å delta på nyttige kurs, seminar og møte
- halde kontakt med Gudbrandsdal Folkemusikklag, og Hedmark og Oppland musikkråd.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet sluttar seg til det framlagde arbeidsprogrammet for 2021.

## **Sak 5**

### **Budsjett for 2021**

Sjå vedlegg.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet vedtek det framlagde budsjettet

## **Sak 6**

### **Val 2021**

Valnemnda si innstilling blir lagd fram på møtet.